



VERKSEMDSPLAN

FOR

GRUNNSKULEN

I

SELJORD KOMMUNE

2011/2012

INNLEIING

Opplæringslov og læreplan dannar det formelle innhalds- og styringsgrunnlaget for grunnskulen. Det at læreplanen no er ei forskrift, gjer den meir bindande enn tidlegare læreplanar.

Det blei gjort omfattande endringar både med omsyn til fag og til timefordeling skuleåret 2010-2011. Dei nye timane førte til at elevane på 5.trinn no er på skulen ein dag ekstra halve året. For andre skuleåret på rad vil da alle elevane på 5. til 7. trinn ha full skuleveke ein del av året. Det er ikkje kome signal frå sentrale styresmakter om at det vil bli tilført fleire timar på barnetrinnet. Det bør vere ei lokal målsetting å tilføre trinnet fleire timar, slik at vi kan få full skuleveke for elevane frå 5. til 7. trinn gjennom heile skuleåret.

Det er ei målsetting ved alt arbeid i skulen at elevar som har ei negativ fagleg utvikling skal få hjelp så tidleg som mogleg. Dette vil på sikt krevje at ressursinnsatsen i skulen får tyngdepunkt på dei lågare trinna. Tidleg innsats er eit sentralt omgrep i satsinga på skulen. Det inneber at skulen skal rette ressursinnsatsen mot å oppdage elevar som strevar så tidleg som mogleg, slik at dei kan få hjelp så tidleg som mogleg. Statistikken for grunnskulen viser at vi i Seljord har lik utfordring som i andre kommunar – talet på elevar med vedtak om spesialundervisning aukar og det blir tilført fleire timar til enkeltelevar enn tidlegare. Det kan sjå ut til at det særleg er ein stor auke i timar som blir brukt for å hjelpe elevar med åtferds- eller konsentrasjonsvanskar. Det ville vere ein fordel om fleire av timane som blir brukt til spesialundervisning kunne bli brukt til generell styrking av opplærings situasjonen for fleire elevar og på den måten skape ein skule tufta på idealet om ”fellesskapsskolen”.

Det er den enkelte kommune som har ansvaret for gjennomføring av kompetanseutvikling, og det er stilt krav til kommunal plan som omfattar både ein 3-årig strategisk del og ein årleg tiltaksdel. Skuleåret 2011/2012 vil vere andre år av denne kompetanseutviklinga, og tiltaksdel for 2011-2012 er revidert.

Skulane held fram med prosjektsamarbeidet med Dysleksiforbundet for å arbeide for å bli ein ”Dysleksivennleg kommune”. Arbeidet i prosjektet går føre seg i rektormøter der alle skuleleiarane i kommunen deltar og i konkret arbeid med tiltak retta ute på den enkelte skule. Fleire av lærarane har no gjennomført etterutdanning innanfor temaet ”Dysleksi” og vi har auka kompetanse på skulane innanfor dette faglege området. Ein føresetnad for at vi skal lykkast med den vidare satsinga er at vi kan etablere ein infrastruktur for maskin- og programvare på skulane, slik at alle elevar med behov for tilpassing av lese- og skriveopplæringa, kan få tilgang til rett programvare.

I situasjonar med særskilde utfordringar er det særleg viktig ikkje å miste fokus på det daglege arbeidet i klasserommet. Det er i møte mellom lærar og elev at det viktigaste grunnlaget for eleven si utvikling blir lagt. For å lykkast med dette, har Seljord eit godt utgangspunkt, med eit personale med god fagleg og metodisk bakgrunn.

Det vil alltid vere innsatsen i klasserommet som i stor grad er avgjerande for kvaliteten i skulen. Tilstandsrapporten for skuleåret 2011-2012 viser at vi ikkje har så gode resultat på ungdomstrinnet som vi ynskjer oss. Elevundersøkinga og nasjonale prøver sist skuleår viser oss at det er grunn til å prioritere det faglege og sosiale læringsarbeidet på ungdomsskulen neste skuleår. Administrasjonen vil difor i samarbeid med alle skulane sjå på moglege tiltak for å snu denne trenden. Det er viktig at alle skulane er delaktige i dette arbeidet. Ungdomsskulen har læringsmiljø som hovudsatsingsområde neste skuleår og bør få støtte frå foreldre, elevar og andre for å lykkast med denne satsinga.

Ei spesiell utfordring på det kommunale plan vil vere å sikre dei ressursane som skal til, for å gje elevane nødvendig kvalitet på tilbodet. Seljord får ikkje god kvalitet i skulen utan at det er vilje og økonomisk evne til å satse dei ressursane som skal til. Økonomiplan for 2010-2013 viser at skulen skal spare inn fleire årsverk for å få rekneskapet i balanse. Det er vanskeleg å sjå at dette kan gjennomførast utan å redusere kvaliteten i skulen ytterlegare. Det blir paradoksalt om ein i tider med innsparingar skal auke resultatnivået. Det er viktig at skuleeigar ser kor viktig det er med stabile og gode rammer for at ein skal lykkast. Erfaring frå tidlegare år viser og at innsparingar ofte fører til ei auke i talet på elevar med spesialundervisning. Dette kan igjen føre til at det blir ressursar i større grad blir brukt direkte inn mot enkeltelevar. Slike omdisponeringar vil ofte føre til at effekten av innsparinga blir vesentleg dårlegare enn det som var tenkt.

Det er viktig at det er vilje til politisk prioritering av skulen, slik at kommunen kan tilby barn og unge eit skuletilbod som er prega av høg kvalitet.

1. PLANGRUNNLAGET.

Verksemdsplanen for grunnskulen i Seljord er basert på sentrale og lokale styringsdokument. Opplæringslov og læreplan er overordna nasjonale grunnlagsdokument som syner den retning skulen skal styrast i.

Sentrale styresmakter konkretiserer dette gjennom føresegner, retningslinjer og avtalar.

Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune vil saman med andre kommunale planar og vedtak gje uttrykk for kommunale prioriteringar.

Dei strategiske planane, verksemdsplanane og andre planar for den einskilde skule viser dei lokale prioriteringane og også det mangfaldet som ligg i eit desentralisert skulesystem.

2. VISJON / OVERORDNA MÅL.

A. Overordna mål for grunnskulen i Seljord kommune:

Grunnskulen skal arbeide for å stimulere elevane til samfunnsengasjement, gje dei kunnskapar, gode arbeidsvanar og god framferd.

B. Overordna mål for kvar einskild skule:

Seljord barneskule:

- Vi trivest på skulen.
- Vi samarbeider.
- Vi føler ansvar for kvarandre.
- Vi søker kunnskap.

Flatdal skule:

På Flatdal skule tenkjer vi at:

- Alle elevar er forskjellige, men like verdifulle.
- Læring er ein aktiv prosess som skjer hjå kvar elev.
- Sjølvkjensle og meistring er viktige element i kvart menneske sin personlegdom.
- Sjølvrealiseringa hjå kvar einskild elev skal kome fellesskapet til gode.
- Ein skal synleggjere forventningar og krav til elevane om kunnskap og ferdigheitar.

Åmotsdal skule:

Åmotsdal skule skal vere ein stad der alle elevar og tilsette trivast og utviklar seg fagleg, kulturelt og sosialt i eit godt og trygt miljø:

- Opplæringa skal vera tilpassa for å hjelpe den einskilde elev til personleg utvikling og identitet.
- Alle skal vera snille med kvarandre og vise god folkeskikk både i og utanfor skulen.
- Det skal vera god kommunikasjon og samarbeid mellom heim og skule.
- Informasjonsflyten skal vera god alle vegar. Alle har ansvar for å informere og å innhente informasjon.
- Både tilsette, elevar og foreldre har ansvar for aktivt å utvikle eit positivt og godt skulemiljø.

Seljord ungdomsskule:

Gjere elevane til sjølvstendige og dugande samfunnsborgarar ved å gje dei fagkunnskap, ferdigheter og folkeskikk.

3. PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE.

A. Kommunale satsingsområde:

- Følgje opp Læreplan og Opplæringslov med nødvendige koordineringstiltak.
- Medverke til realisering av Kunnskapsløftet i samsvar med nasjonale føringar og kommunale vedtak. Handlingsplan for undervisningssektoren er særskilt viktig i den samanheng.
- Følgje opp satsinga på kompetanseutvikling i grunnskulen ved gjennomføring av rullert plan for kompetanseutvikling.
- Arbeide for å sikre det økonomiske grunnlaget for å oppretthalde ein god kvalitet på grunnskulen i Seljord.
- Organisering og tilrettelegging av tilpassa opplæring, inklusiv spesialundervisninga.
- Eit viktig tiltak i den samanheng er samarbeidsprosjektet mellom Dysleksiforbundet og Seljord kommune om "Dysleksivennleg kommune".
- Gjennomføre opplegg med skulebasert vurdering ved alle skulane.
- Revidering av Plan for IKT.
- Arbeide med å ta i bruk den kommunale planen for lese- og skriveopplæring.
- Bruke vedtatt system for oppfølging av Opplæringslova i samsvar med § 13-10 i lova.
- Nytte kommunen si heimeside som ein viktig informasjons- og kommunikasjonskanal.
- Revidere forskrift til Opplæringslova.
- Folkehelse.
- Innføring av Feide.
- Etablere naudsynt infrastruktur for bruk av IKT på skulane.

B. Satsingsområde ved kvar einskild skule:

Seljord barneskule:

1. Vidareutvikle skulen til ein lærande organisasjon.

Halde fram med å legge vekt på positiv og konstruktiv samhandling og læring i fellesskap: Gjennomføre drøfting og refleksjon i kollegiet for å auke felles kompetanse om korleis ein best kan arbeide for å nå målet med tilpassa opplæring.

2. TPO.

- Iakttaking / observasjon.
- Eleven deltek i planlegginga av eiga opplæring:
- Bevisstgjere elevane på kva det tyder å delta i planlegginga av eiga opplæring
- Tydelege mål og kriterium i opplæringa på alle trinn.
- Kartleggingsverktøy: Nytt verktøy for kartlegging i norsk, engelsk og matematikk.
- Elevsamtaler 4.-7.kl. 2 gonger i året.
- Revidere plangrunnlaget for foreldremøte frå 1. til 7. trinn.
- Vurdering: Vi arbeider for å få gode rutinar på vurderingsarbeidet.
- Læringsstrategiar: Alle lærarane skal nytte læringsstrategiane i opplæringa.

3. Lese- og skriveopplæring

- Alle skal nytte felles lese- og skriveopplæringsplan for grunnskulen i Seljord.
- Samarbeide med det lokale biblioteket.
- Vi held fram med prosjektet: Dysleksivennleg skule.
- Lesekurs 5-6 veker i samråd med heimen.
- Kartlegging av lesedugleik før og etter kurset.
- Rettskrivingskurs.
- Leseveker.

4. Engelsk

5. Alternative fagdagar

6. Mobbemanifestet:

Arbeide for nulltoleranse for mobbing:

- Elevundersøkinga på 5.-7. trinn. Drøfte resultat frå elevundersøkinga. Konsekvensar for vidare arbeid.
- Styrke den sosiale kompetansen til elevane: Kollegiet prioriterar i fellesskap kva for felt innanfor sosial kompetanse vi skal arbeide med.
- Steg for steg: 1.-4.trinn.
- Lage nye trivselsreglar på bakgrunn av kap 9a i opplæringslova og kommunale forskrifter.

7. Praktisk- estetiske fag

- Lage lokale læreplanar for 5.-7.trinn i faga kroppsøving, musikk og mat og helse.
- Nytt klasserom og grupperom som utstillingsarena. Invitere andre klasser.

8. Temaveke og vårfest

- Organisere og gjennomføre temaveke på tvers av klassetrinn.

9. Fysisk aktivitet

- Lærarane på mellomtrinnet vidareutviklar innhald og form i fysisk aktivitet.
- 4 evalueringsmøte med rektor.

10. Kompetanseheving: IKT

- I klasseromma til 5.-7.trinn er det smartboard frå oppstart hausten 2011.
- I løpet av skuleåret 2011-2012 skal alle klasser kunne nytte elevromma i Fronter.

11.

Kjærleik og grenser. Det blir ikkje prosjekt dette skuleåret.

Flatdal skule:

- **Elevane sitt læringsmiljø.**

Eit godt og inkluderande læringsmiljø medverkar til positiv læring og utvikling for den ein skilde elev. Læringsmiljø er dei miljømessige faktorane i skulen som har innflytelse på elevanes sosiale og faglege læring. Vi vil dette skuleåret arbeide spesielt aktivt på desse områda for å få eit betre læringsmiljø for elevane:

Felles fagleg temaveke: Vikingar

Fellessamlingar kvar månad der dei ulike klassene viser fram kva dei har jobba med den siste tida

Reglar og regelhandheving.

Uteskule – fysisk aktivitet.

Forventningar /vurdering. Pedagogisk forskning viser at det er viktig for elevanes læring at dei er klar over kva som er målet for opplæringa/ kva læraren vil dei skal lære. Elevane må og få hyppige og konkrete tilbakemeldingar som viser om dei er på rett veg til å nå måla som er sett. Alle elevar skal difor ha minst to elevsamtalar kvart halvår. ”Fredagstesten” for 5. -7. klasse og det gode heim/skule-samarbeidet held fram

- **Lese- og skriveopplæring.**

Lese- og skriveopplæring har vært eit satsingsområde i Seljord kommune i fleire år. Lesing og skriving er basisen i dei fleste faga på skulen, og det er særskilt viktig at elevane beherskar desse basisferdigheitene.

- Bruke ”Plan for lese-og skriveopplæring” aktivt i alle fag på alle trinn
- Evaluere innhald og skulens bruk av planen kvart halvår
- Bruke det systematiske kartleggingsverktøyet planen legg opp til
- Halde fram med lesestimulerande tiltak som fast dagleg lesetid og besøk på biblioteket kvar veke
- Lese- grupper på ein skilde trinn
- Leseaktivitetar for ein skildelevar/grupper
- TPO

- **Leksehjelp.**

Leksehjelp ein ettermiddag i veka og for 5. – 7. klasse

- **Korps inn i skulen.**

Føre vidare samarbeidet med korpsset i Flatdal og kulturskulen. Alle 3. klassingar skal få prøve seg på ulike instrument i løpet av året.

Åmotsdal skule.

- Godt læringsmiljø.
- Tilpassa opplæring – observasjon, dokumentasjon, tiltak.
- Læringsstrategiar.
- Pedagogisk utvikling – læreplanar og målark - oppfylging.
- Elevvurdering – kvalitets- og kompetanseheving.
- Kartleggeren.
- Sosial kompetanse/klassestyring – oppfylging.
- Samarbeid heim-skule – vidareutvikling.
- Nettverkssamarbeid med Øyfjell og Hjartdal skular.

- Haldningsskapande arbeid
- Skulehefte og info.
- Grunnskuleveka.
- Kvalitetssikring.
 - Læreplananalyse.
 - Tilpassa opplæring.
 - Språkstimulering/plan i norsk.
 - Arbeidsplanar.
 - IKT.
 - Årsprøver/Mappevurdering.
 - Mattedag.
 - System for kvalitetsvurdering.
 - Evaluering
- Lokal tilknytning.
 - Entreprenørskap.
 - Lokale prosjekt.
 - Samarbeid med barnehagen.
 - Uteskule/fysisk fostring.

Seljord ungdomsskule.

Frå i år vil me arbeide særleg med læringsmiljøet. Dette vil vera eit langsiktig og omfattande utviklingsarbeid som vil involvere alle som er knytt til skulen. Denne satsinga er i tråd med prioriteringar frå utdanningsdirektoratet.

Mål for denne satsinga er

- Meir læring
- Fremme helse
- Betre trivsel
- Mindre fråvær

Dette er aktuelle delemne i satsinga på læringsmiljø:

- Skuleleiing
- Klasseleiing
 - Planlegging
 - Klare mål
 - Elevstøttande leiing
 - Motivering og aktivisering
 - Struktur og organisering
 - Tydeleg leiing
- Relasjonskompetanse
- Høgt læringstrykk
- Nulltoleranse for mobbing
- Lære sosial kompetanse
- Klare reglar og konsekvensar
- Elevinvolvering
- Samarbeid skule-heim
- Organisering og tilrettelegging
- Fysisk miljø

Satsinga på læringsmiljø vil sjølvsagt ikkje bety at me gløymer alt anna, me vil fortsatt arbeide med å vidareutvikle

- Vurderingpraksisen, både undervegsvurdering og sluttvurdering.
- Leseopplæringa. Å ta i bruk ”plan for lese- og skriveopplæring” og prosjektet ”lesing i alle fag” i samarbeid med Nynorsksenteret vil vera delar av denne satsinga
- IKT. Ved skulen vil me arbeide vidare for at elevar og lærarar skal kunne bruke IT-teknologi på ein god måte. Aktiv bruk av Fronter og eigne timar til dataopplæring i 8. klasse vil vera ein del av dette.

Av andre mål og prinsipp som skal ligge som grunnlag for drifta på skulen, kan nemnast:

Mål for undervisinga:

Elevane skal få bruke og utvikle evner og anlegg. Elevane skal få eit undervisningstilbod som er godt tilpassa, bli engasjert og ta ansvar for eige arbeid.

Verkemiddel:

- Elevane skal få tilpassa opplæring, d.e. eit undervisningsopplegg som
 - Gjev kvar elev kjensle av meistring
 - Gjev kvar elev faglege utfordringar
- Gje tilbod om temakurs i norsk, engelsk og matematikk
- Alle elevar skal lære å bruke IKT i tråd med den kommunale planen for IKT-undervising.

Mål for samarbeidet mellom heim og skule:

Dei føresette skal vere godt nøgd med den opplæring og oppseding som skulen driv. Foreldra skal føle at dei har medansvar i skulen. Når heim og skule møtest, skal eleven stå i sentrum .

Verkemiddel

- Informere foreldra gjennom foreldremøte, konferansetimar og uformell kontakt.
- Dialogkonferanse om hausten
- Skriftleg dokumentasjon i alle fag når foreldre og elev møter på konferansetimar.
- Grunngeving i samband med fastsetjing av karakterar.
- Spørsmål eller krav frå foreldre skal bli raskt handsama og svara på.

Mål for arbeidsmiljøet for dei tilsette

Det skal vera eit triveleg og utviklande arbeidsmiljø på skulen.

Verkemiddel

- Rettferdig fordeling av arbeidet.
- Verdsetjing av vanleg godt arbeid.
- Verdsetjing av kreativitet og initiativ.
- Styrke det sosiale fellesskapet gjennom:
 - Informasjonsmøte kvar veke.
 - Personalfest haust og vår.
- Dempe det psykiske presset generelt og individuelt. Leiinga på skulen må setje inn tiltak dersom presset blir for stort.

4. KOMPETANSEUTVIKLING.

Kompetanseutvikling må vere ein kontinuerleg prosess for å få til utvikling og kvalitetssikring i grunnskulen. Det er ein gjennomgåande føresetnad i strategien, at det skal vere reformrelatert kompetanseutvikling. I tillegg til uformell læring, som dagleg skjer i alle organisasjonar, omhandlar kompetanseutvikling *etterutdanning* og kompetansegeivande *vidareutdanning*. Seljord kommune har saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark ikkje deltatt i den statlege kompetansestrategien "Kvalitet for kompetanse" som blir avslutta dette skuleåret. Bakgrunnen for dette er at ordninga er for dyr og omfanget av studieplassar for lite. Dette har ført til at færre lærarar har starta på vidareutdanning i grunnskulen i Seljord dei siste åra og at vi i stor grad hever kompetansen gjennom etterutdanning i form av kursdagar og liknande.

Plan for kompetanseutvikling 2010-2013, samt tiltaksdel for skuleåret 2011/2012, er rullert administrativt.

I tiltaksplan for 2011/2012 er følgjande område prioriterte:

Etterutdanning:

- Skuleleiing.
- Spesialpedagogikk.
- Lese- og skriveopplæring.
- 2. framandspråk.
- Fysisk aktivitet.
- Utdannings- og yrkesrådgjeving.

Prioriterte område for vidareutdanning:

- Skuleleiing.
- 2. framandspråk.
- Matematikk.
- Naturfag.
- Engelsk.
- Norsk.

I tillegg til den omfattande kompetanseutvikling som følgjer av den kommunale planen, vil det også blir gjennomført ulike former for kompetanseutviklingstiltak initiert av, eller knytt til den enkelte skule:

- Etterutdanning i ulike fag.
- Interne kurs og møter.
- Planlegging og samråding.
- Kompetanseutviklingstiltak knytt til prioriterte område.

Seljord, 22. september 2011

Ronde Schade
kommunalsjef